Sogn og Fjordane Sau og Geit

Styremøte SFSG 29.2.20 Thon Hotell Jølster

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Thomas Manseth Bjørhovde, Roger Løvik og Solgun Haugen
Ikkje tilstades; Jostein Flatland

Sak 14/20. Konstituering

Leiar; Ragnhild Sæle
Nestleiar; Roger Løvik
Kasserar; Jo Risløv
Sekretær; Solgun Haugen
Styremedlem; Thomas Manseth Bjørhovde
Vara; Jostein Flatland, Margrethe Garlid, Vidar Sandal

Styret sin representant i dei ulike gruppene;
Avlsutvalet; Thomas
Utval for mjølkegeit; Jo
Gjetarhundnemnda; Roger
Utval for ammegeit; Thomas
Rovdyr; Ragnhild/Solgun
CWD – Solgun
Leiar Gjetarhundnemnda; Odd-Jarle Øverås

Medlemmer i dei ulike utvala vert oppnemnde på neste styremøte.

Sak 15/20. Utnemning av æresmedlem i lokallag

Styret i SFSG har motteke søknad frå eit lokallag som ynskjer å utnemna ein person som æresmedlem av lokallaget. Søknaden er godt grunngjeven.

Styret i SFSG godkjenner utnemninga av æresmedlemmet.

Sak 16/20. Søknad frå Leikanger Sau og Geit om støtte til «Sauemerkebok»

Styret i SFSG tok oppatt søknaden frå Leikanger Sau og Geit om støtte til «Sauemerkeboka» etter at budsjettet til SFSG er godkjent av årsmøte.

Styret i SFSG vedtek å støtta «Sauemerkeboka» til Leikanger Sau og Geit med 25 % av søknadsbeløpet, og oppmodar Leikanger Sau og Geit om at lokallaget søkjervbeitelaga i gamle Leikanger kommune om støtte.

Sak 17/20. Ymse

a) <u>Kvalifiseringsreglar gjetarhund</u>

Styret i SFSG føreslår at ein utset endringar i regelverket i 1-2 år og brukar denne perioden til ein skikkeleg prosess på revisjon av kvalifiseringsreglane.

Postadresse:
Ragnhild Sæle Tlf. 416 33 342 Bankgiro: 3703 20 15213
Stranda 57 Orgnr. 971 115 599
6847 VASSENDEN E-post: ragnhild.saele@enivest.net

b) Eigen person i SFSG med ansvar for sau på Jordbrukstingingane

Styret diskuterte om ein burde hatt ein eigen person som tek ansvar for sau i samband med SFSG sitt innspel til jordbrukstingingane. Det bør vera ein person som veit mykje om sau og beitebruk.
Styret i SFSG vart einige om å jobba vidare med å finna ein slik person.

c) Annonsering

Styret i SFSG bestemte at det må jobbast med annonsering gjennom heile året og ikkje berre i samband med årshefte. Ein må prøva å få til avtalar over lengre tidsrom.

Diverse saker/informasjon

- Jo satar på å møta for SFSG på årsmøte til Sogn og Fjordane Bondelag på Skei SFB 5.-6.mars.
- Ragnhild møter for SFSG på møte i Kontaktutvalet for rovdyr på Skei 3.mars.
- Alle les gjennom uttale jordbrukstingingane frå Vik Sau og Geit for å sjå om styret i SFSG kan støtta denne uttalen, som òg er sendt til Sogn og Fjordane Bondelag.

Referent; Solgun Haugen

Postadresse:
Ragnhild Sæle
Stranda 57
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 971 115 599